

Nr.6 -desember 2021

Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



Gudstenester

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn du alltid i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrka.no

5. desember

Solheim kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Takkeoffer til «Barnevakten»

Granneheimen kl. 17:00

Gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Takkeoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

12. desember

Dåpsgudsteneste v/Torbjørn Sæle
Frøyset kyrkje kl. 12:15
Takkeoffer til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden

Julekonsertar

Den tradisjonelle julekonserten vert halde i
Sandnes kyrkje 11.des kl. 17:00
Frøyset kyrkje 12.des kl. 15:00
Solheim kyrkje 12.des. kl. 18:00
Takkeoffer til Kirkens Nødhjelp
Sjukaheimen 14.des kl. 17:00

24. desember

Julaftan gudsteneste v/Torbjørn Sæle
Sjukaheimen kl. 12:00
Frøyset kyrkje kl. 14:00
Solheim kyrkje kl. 16:00
Takkeoffer til Redd Barna

25. desember

Høgtidsgudsteneste v/Torbjørn Sæle
Sandnes kyrkje kl. 12:00
Takkeoffer til Redd Barna

2. januar

Solheim kyrkje kl. 11:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

16. januar

Frøyset kyrkje kl. 18:00
Lysmesse med konfirquantane
v/Torbjørn Sæle og Helga Ekehaug

23. januar

Sandnes kyrkje kl. 12:00
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle

30. januar

Fjon Fjellkyrkje kl. 14:00
Gudsteneste i samband med Konfirmantleir
v/Torbjørn Sæle

Døypte

24.10.21 Martin Strand Andvik

Foreldre:
Lillian Andvik og Jon Kjetil Strand
Faddrar:
Vidar Øksnes, Sara Tunestveit, Hanne Sofie
Ynnesdal Halland og Arild Haugsvær.

24.10.21 Viljar Natås Mjanger

Foreldre: Ranveig Tveit Mjanger og Vidar Natås.
Faddrar: Åsmund Steinsland Natås og
Sigrid Tveit Mjanger.

21.11.21 Kristine Aasen Børnes

Foreldre:
Siv Annie Aasen og Morten Midtbø Børnes
Faddrar:
Sindre Børnes, Agnethe Midtbø Børnes,
Johannes Wallace Eid og Marita Midtbø Børnes.

Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått del i eit heilagt ansvar: Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølv å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den kristne trua.

Vigde

16.10.21

Kai Edgar Trædal og Benchamat Sandang

Sjå til dei i nåde, og styrk dei med din Ande, så dei i gode og onde dagar set si lit til deg, held trufast saman og hjelper kvarandre fram mot det evige livet.



EI KROPPSLEG JUL



Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vår og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleve slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane – og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetrengande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli tekne imot på ein god måte.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så lat oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember – og vi held fest den dagen òg. Nokon av oss har det slik i jula at vi gjerne vil komma til kyrkja, men nøler fordi vi er usikre på om det er riktig. Trua kjennest for liten og tvilen for stor, eller det er andre grunnar til at ein ikkje passar inn. Viss du er blant dei som tenker slik, seier eg: Det er ikkje trua vår vi feirar, men at Gud er komen til oss. Og om trua vår er svak, og det er den ofte, så er Guds nærvær likevel heilt og sterkt og utan noko atterhald.

Så når Gud vil møte oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje komma til kyrkja, så vår trygg på at Gud uansett vil møte deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ei glad og velsigna jul!

Halvor Nordhaug
biskop i Bjørgvin





ADVENT OG JUL I KYRKJA

Når du les dette, er vi komne til desember, og nokon er kanskje i gang med opna luker i ein adventskalender.

Gjennom adventstida ventar vi på å feira han som kom til jorda, då Gud vart menneske, og eit barn vart fødd i Betlehem.

I årets advent- og juletid håpar vi å kunna møtast meir som normalt, slik at mange igjen kan samlast, også til høgtid i kyrkja. Skulle det blir endringar, finn du dette ved å følge med på nettsida til kyrkja www.masfjorden.kyrkja.no og facebook-sida «Kyrkja i Masfjorden».

Dei tradisjonelle julekonsertane står for tur med mange involverte. Sjølv ser eg fram til å ha andakt på desse og høyra flott song og musikk fylla kyrkjeromma og sjukeheimen.

I vekene før jul vil skulane ha sine julegudstenester og barnehagane får besøk av prest og trusopplærar som tek ungane med på ei julevandring. Ungane får møte Maria og Josef og

Jesus-barnet, englar, gjetarar og kanskje nokre vismenn.

På juleaftan er det som vanleg gudstenester på Sjukeheimen kl. 12, i Frøyset kyrkje kl. 14 og i Solheim kyrkje kl. 16.

1. juledag samlast vi i Sandnes kyrkje kl. 12.

Endeleg skal vi igjen få synga julesongane saman. Eg håpar akkurat du finn vegen til ein eller fleire av desse samlingane og vil synga med i eit stort «englekor» på jord!

Torbjørn Sæle, sokneprest
Foto: kyrkja.no

MØTE MED «FARMEN-PRESTEN»



«Farmen-presten» Thor Haavik og eit team frå bispedømet kom til Frøyset kyrkje i oktober.

Konfirmantane i Gulen og Masfjorden fekk mellom anna høyra gode grunnar for å tru på Gud, ha uteaktivitet om rettferd og urettferd. Kvelden vart avslutta med ei open ungdomsgudsteneste med fokus på Jesus som vår ven. Dyktige, unge musikarar var med og leia lovsong, dans og tonesette salmesongen.

Før ungdomsgudstenesta fekk alle servert god lapskaus.

Noko av det me kan ta med oss frå kvelden er at Jesus er vår ven og det viktige med å ha ein takksam tanke før ein legg seg til å sova!

Helga Ekehaug, trusopplærar

Foto: Torbjørn Sæle



KONFIRMANTFEST I STORDALEN



Kvelden var mørk og regnfull då me køyrde oppover Stordalen. I Fjellstova derimot, var det lunt og triveleg. Her hadde Helga, Torbjørn og Eli laga til konfirmantfest, og alle vart me varmt mottekne. Soknerådsleiar Rune ønskte, på vegne av Masfjorden sokn, alle velkomne.

Ungdommane var så flotte i bunader og dress, og praten gjekk livleg rundt bordet. Fjellstova diska opp med lasagne og rikeleg med dessert. Eli fortalde engasjert om ungdomstida si i Masfjorden, og Torbjørn om å hugsa ordet bli. Til

slutt var det leikar og quiz. Mange bala med å finna namnet på dei sju dvergane til Askepott. Dei vakne visste at dvergane ikkje var med Askepott. Ungdomslaget vann uansett quiz'en.

Me hadde ein kjekk kveld i godt selskap.

Britt Nordland, forelder
Foto: Torbjørn Sæle



KOMANDE TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Fyller du 4 år i 2021- då får du
«**Kyrkjeboka mi**»
i di eiga kyrkje søndag 13. februar 2022.

Invitasjon kjem i posten til døypte
kyrkjemedlemar utpå nyåret.

Dei som bur Sandnes kyrkjekrins
og fyller 5 år i 2021 får invitasjon
også denne gongen.

Lys Våken vert 12. – 13. mars 2022
i Sandnes kyrkje for dei som
fyller 10, 11 og 12 i 2021.



TÅRNAGENTHELG

Me var tolv born i Frøyset kyrkje som var samla til tårnagenthelg.

Laurdag ettermiddag kom Tårnagentane til Frøyset kyrkje og fekk tildelt namnemerke med fingeravtrykka og buff. Når agentane kom til benkane var det ein labyrint av tau som dei skulle kome gjennom. Når dei var gjennom labyrinten så skulle dei øva på ulike songar. Når dei var ferdig med songane, delte dei seg inn i lag med kvar sitt kryssord. Når kryssordet vart løyst fann dei ut kvar skatten var. Til slutt var det mørkegøymssel. Det var kjempegøy, synest eg.



5-teiknsbøn



Lystenning

Søndag var det dåp og gudsteneste. Tårnagentane dramatiserte ei historie frå bibelen. Det var om Jesus og den blinde mannen, Bartimeus. Oliver Lademo Ekren, Kristoffer Sleire-Gjerde og meg, Magnus, framstilte ei fem-teikns bønn.

Tårnagentane song "Måne og sol" og "Fly lille engel".

Sandra Strand Andvik (7) som var med på tårnagenthelg, synst det var gøyast med labyrinten, gjøma og leita etter kors, maten, og vanlig gøymssel og mørkegøymssel i kyrkja. Det var litt skummelt med mørkegøymssel i kyrkja, synest Sandra.

Magnus Strand Andvik 9 år, tårnagent

Foto: Alimaa Tomor, kyrkjetenar





Anita Lamisoni har akkurat fødd det første barnet sitt. Ho har fått namnet Grace, for ho er både ei gåve og ein nåde, fortel den stolte mora.

LA GRACE FÅ FYLLE FEM ÅR

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av morskjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Av Anette Torjusen
Foto: Håvard Bjelland

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

– Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som døyr før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølvs om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

– Eg kjende meg både trygg og teken hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

– Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest

sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?



Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødte i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:

Vipps eit valfritt beløp til 2426.

-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.

Gåvekonto: 1594.22.87248



BLÅ KORS ER DER NÅR VOKSNE SVIKTER



Hun sitter musestille på rommet sitt. De voksne snøvler og ler inne i stua. Hun hører glass som knuser, og voksne som roper. Det knytter seg i brystet. Utryggheten omfavner henne, som en dyne hun trekker over seg.

De er mange, de sårbare barn og unge, som vokser opp i hjem preget av rusproblemer. Folkehelseinstituttet anslår at det er 90 000 barn og unge under 18 år i Norge som er pårørende til en forelder som bruker rusmidler på en måte som belaster daglig fungering og funksjoner. Det tilsvarer 2-3 elever i alle skoleklasser. Blå Kors er en organisasjon som er svært opptatt av akkurat denne gruppen unge.

Familier som sliter

Cathrine Dahle er psykologspesialist og avdelingsleder for Blå Kors Kompasset i Lillehammer, et lavterskel terapitilbud for unge som har vokst opp i familier preget av rusmisbruk. Hun sier det slik:

– Akkurat nå er det en del familier i Norge som ikke har det så bra. Mange familier opplever mer rusbruk, fordi hverdagen er uvanlig og folk er under press. Det er ekstra vanskelig nå som skoler og fritidsaktiviteter kan være stengt. Vi har kontakt med unge som forteller at de holder ut

familielivet fordi de har «fristeder» som skole og fritidsaktiviteter.

– Si fra til en voksen

Cathrine Dahle håper at unge i en slik situasjon vil våge å si fra til en voksen person som de kjenner og som de kan stole på. Dersom en ikke har noen voksne en kan snakke med, så er det flere hjelpeinstanser å kontakte. Dahle forteller at Blå Kors Kompasset finnes i eller i nærheten noen av de største byene i landet: Oslo, Bergen, Trondheim, Sandnes og Lillehammer. I tillegg tilbys samtaler og terapi på nett. Tilbudet er beregnet for unge mellom 13 og 35 år.

Dette er Blå Kors

Blå Kors er den største ideelle aktøren innen rus, alkohol og avhengighet i Norge. Blå Kors har i over hundre år gjort en viktig innsats i Norge for å hjelpe personer som er direkte eller indirekte rammet.

Blå Kors er en diakonal, tverrkirkelig organisasjon. Arbeidet baserer på et kristens menneskesyn som legger vekt på at alle mennesker er skapt i Guds bilde og har absolutt og ukrenkelig verdi.



Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller
VIPPS valgfritt beløp til 13130**





UNGDOMSLEIR I STORDALEN

Ungdomsleiren er noke eg kan sterkt anbefale! Etter me hadde vore på konfirmasjonsfest gjekk me bort til hytta me sku ligge på og slo oss ned for kvelden og hadde mykje gøy med leikar og samlingar.

Laurdag hadde me ei morgonsamling før me reiste opp på eit fjell for å ha utfordringar i 71 grader nord-stil. Vegen var vanskeleg, vi ble delt opp i grupper og fekk kart til å navigere etter. Vi lette opp poster med oppgåver som å ta naturbilde eller hente materialar. Etter ein lang leiting fann eg og Åshild siste posten først og kom oss til målstreken og trudde vi vant, men det var fleire utfordringar i vente. For å avgjere ein vinnar var det individuelle oppgåver.

Alle var glade, vi grilla og koste oss før me gjekk ned og Helga lagde til store koppar med kakao til oss. Vi koste oss der me snakka, malte, spelte «Ryktet går», reflekterte på følelsar og kjærleik og leikte mørkegjømsel i hytta. Så lagde alle ungdommane taco til middag. Me fekk hyggelig besøk, og feira med champagne (uten alkohol) frå konkurransen. Etterpå hadde med mime eik til me var før trøtt til å vere vaken.

Siste dagen sto me opp og åt frukost før utryddinga starta, alle bidrog godt og me var klare for helga sin sure tur opp til Røyrdalsvatnet. Eg var så klar for å prøve fiskelykka at eg kom opp leenge før dei andre. Dessverre var det mykje vind og fisken valde å ikkje bite.

Det vart likevel ein flott fjelltur og ein kjekk biltur med billeikar før alle hoppa av på kvar sitt stopp. Det var ein

veldig gøy leir og eg anbefaler alle å komme på leir neste gong, det er ikkje berre for konfirmantar så alle kan komme uavhengig av livssyn, det blir nok ein tur du seint vil gløyme!

Markus Lilletvedt, deltakar



MIN SALME - DET HEV EI ROSE SPRUNGE

AV RUINE GARMANN



*Det hev ei rose sprunge ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge: Av Isaïs rot ho rann.
og var ein blome blid midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.*

*Om denne rosa eine er sagt Jesajas ord.
Maria moy, den reine, bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunnsomt det store under gjorde
som var i spådom sagt.*

*Guds rose ljuvleg angar og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljøs oss fangar, ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag: No er det fødd ein frelsar
og natti vart til dag!*

Eg veit ikkje heilt når det skjedde.

Eg veit berre at eg ikkje var gamle karen då eg hørde denne flotte salmen for fyrste gongen, og vart nærmast bergteken. Så fin syntest eg at han var. Sidan har han fylgd meg, jul etter jul, i meir enn seksti år.

Eg vil tru at det var den vakre melodien som fyrst gjorde inntrykk på meg. Melodien er svært gamal, truleg frå 1400-talet eller eldre. Måten han er laga på, der melodirytmen er tilpassa det naturlege trykket i orda og ikkje omvendt, tyder på det. Teksten lærde eg fyrst å setje pris på i vaksen alder. Den nynorske teksten er laga for om lag 100 år sidan av Peter Hognestad, som på denne tida var biskop i Bjørgvin. Den er verkeleg eit meisterverk:

Dei enkle orda i dei tre korte versa er i seg eit heilt teologisk foredrag. Juleforteljinga vert knytt opp mot forteljingar i Det gamle testamentet – Isai var far til David, og soleis stamfar til Davids hus og ætt, og profeten Jesaja er nemnt.

Men teksten ser ikkje berre attende på det som hende julenatta og forhistoria til dette. Ho har også fokus på kva dette har å seie for oss i dag, og korleis vi kan glede oss over denne hendinga.

Eit tydeleg teikn på at dette er ein song som har vore viktig for mange, er at han er kjend og kjær i mange land, og vert sunge på mange språk og i mange ulike musikkstilar. Soleis er han ei vakker påminning om at jula er ei høgtid som ikkje kjenner grenser, korkje i tid eller rom.



Her ser ein eit bilete av treet som spring ut av Isai. Vi ser Isai liggje sovande på bakken, og ut frå han veks ein trestamme. Øvst opp ser vi Jesusbarnet. Biletet er henta frå Bible des Capucins, ein fransk handskriven bibel frå slutten av 1100-talet.



QR-kodane er peikarar til videoar på Youtube, der ulike versjonar av denne songen vert presenterte

HAUSTTAKKEFEST I GRANNEHEIMEN

Ein ruskete haustkveld i november var ein god gjeng samla til hausttakefest i Granneheimen. Kyrkja i Masfjorden hadde invitert alle sine medarbeidarar til ein kjekk og sosial kveld. I kyrkjene våre er det mange som gjer ein innsats i ulike råd og utval, jobbar som kyrkjetenarar, klokkarar, kyrkjevertar, musikarar og andre som gjer ein frivillig innsats. Me har ulike roller, og alle er like viktig for å skapa eit godt fellesskap og inkluderande miljø i kyrkjene våre. Johannes Lyngset spelte flotte tonar medan forsamlinga song til. Det vart gitt felles informasjon av Eli Eidsnes, kyrkjevertja. I kjellaren fekk me servert god suppe av damene i styret i Granneheimen, og me vart utfordra på ein quiz om alle som var tilstades, som Helga Ekehaug hadde laga. Stemninga var god blant dei frammøtte, og det vart mykje god prat på tvers av dei tre sokna. Det var veldig kjekt å bli kjend med andre som også gjer teneste i kyrkja i Masfjorden.

Lillian Andvik, festdeltakar



Julekonsertar

- | | |
|----------------------|------------------------|
| Sandnes kyrkje | - laurdag 11.12 kl. 17 |
| Frøyset kyrkje | - søndag 12.12 kl. 15 |
| Solheim kyrkje | - søndag 12.12 kl. 18 |
| Masfjorden sjukeheim | - tysdag 14.12 kl. 17 |

Kor og korps - elevar og lærarar frå kulturskulen - organist - m.fl.

Fri entré.

Kollekt til Kirkens nødhjelp


Velkomne!

“HER KOMMER IKKE NOGEN BEDRE FRA BYGDENE NU TIL DAGS...”

Dette sitatet frå Peer Gynt er verkeleg ei treffande overskrift når ein skal skrive litt om Alf Helland og vindrifla hans.

Torsdag 28. oktober var heller utriveleg, med tungt regn og sur vind. Men inne i eit klasserom på Nordbygda skule var det varmt. Og tett. For eit førtitals personar hadde trassa det dårlege veret for å få med seg ei hending av det meir sjeldsynte slaget her i fjorden – eit bokslepp.

Og ikkje var det eit heilt vanleg bokslepp, heller. Det var børsemakaren vår, Alf Helland, som hadde invitert til slepp av boka si, «Jakten på Girardoni». Boka er ei oppsummering av eit arbeid Alf har halde på med i tre år. I denne tida har han vore stipendiat ved Norges håndverksinstitutt, og det han har gjort der, er å rekonstruere eit innpå 250 år gammalt luftdrive gevær. Dette våpenet, laga av urmakaren Bartholomeus Girardoni, vart i 1780 teke i bruk av hæren til keiser Josef II av Austerrike. Av di framstillinga av dette våpenet – som forøvrig er det einaste luftdrivne våpenet som nokon sinne har vore nytta militært – var rekna som militær løyndom, har Alf ikkje hatt anna å halde seg til enn nokre ytterst få eksisterande eksemplar av denne geværtypen, samt noko dokumentasjon av arbeidet andre har gjort i forsøk på å rekonstruere våpenet.




Alf demonstrerer ei anvending av Finobacci si talrekke



Børse med trykktanken avmontert. I midten ligg magasinet for kulene.

Det skulle syne seg at det treårige arbeidet som Alf har lagt bak seg, resulterte i eit våpen som i alle detaljar er laga med materiale som Girardoni hadde tilgjenge til, og som er i tråd med dei tekniske løysingane han kune nytte. Og dette er ein prestasjon som saknar sidestykke: Før Alf gjekk i gang med prosjektet sitt, hadde ingen klart å gjere Girardoni kunststykket etter. Men det skulle vise seg at det ikkje berre er prestasjonen til Alf som saknar sidestykke, det gjorde sanneleg presentasjonen hans óg.



Då Lovisa Midtbø hadde ynskt dei frammøtte velkomen, varta pianist Jørn Skaug opp med ein sats frå ein pianosonate av Girardoni sine samtidige, Wolfgang Amadeus Mozart. At musikk skulle ha noko med børsemakeri å gjere, var det kun Alf som visste på det tidspunktet...

Så heldt Alf eit timelangt foredrag om bakgrunnen for at han valde Girardoni si «vindrifle» som studieemne, og korleis han saman med kompis og kompanjong, katten Bent Erik, gjennom ei lang rekkje lure forsøk og lærerike fiaskoar etter kvart bygde opp ein tverrfagleg kompetanse som gjorde det mogleg for han å framstille alle våpendelane, med unntak av rifløløpet, og setje desse saman til ei fullt fungerande «vindrifle».

Den timen gjekk fort. Svært fort. For ikkje berre er Alf ein dyktig handverkar. Han er også ein formidlar av dei sjeldne. Å høyre Alf fortelje om arbeidet sitt er om lag som å møte Reodor Felgen og skaparen hans – i ein og same person. Og tilliks med Kjell Aukrust hadde Alf også rikeleg med referansar til bror sin. Bård hadde tydelegvis vore ein god motivator og hjelper.

Men Alf let oss møte fleire personar: Han passa på å takke fleire som på ulikt vis hadde bidrege til prosjektet, frå kona Anke som rådde han til å gå i gang, mellom anna ved å påpeike at den gode Girardoni – i motsetnad til Alf – ikkje hadde tilgjenge til fresemaskin. Takka vart også klassekompis og nabo Oddvar som hadde bidrege med rikelege mengder med god messing, i form av brukte patronhylser frå skytebana, og nabo Vidar som hadde vore til uvurderleg hjelp då Alf måtte konstruere ein omn som kunne overvinne utfordringane med å smelte messing.

Gjennom foredraget til Alf fekk vi møte andre personar også:

Yes we can! Eit høveleg slagord for Alf

Den italienske matematikaren Leonardo Fibonacci, til dømes, som

på 1200-talet studerte og ga namn til ei talrekke som ein ofte finn representert i naturen, og der forholdet mellom etterfylgjande tal i rekka ikkje er så langt unna det ein kallar «det gyldne snitt».

Denne talrekka dukkar opp både i målarkunsten og biologien – og i musikken. Det var her Mozart kom inn i foredraget, for også i naturtonerekke og i den vanlege skalaen finn ein tal frå Fibonacci. Og i klangen på delar i vindrifla når ein slår på dei. Samanhengen med det som var hovudemnet for kvelden, vindrifla, vart tydelegare då Alf fortalde litt om mål og proporsjonar på våpenet.

I det heile vart kvelden ei klår understreking av at det å beherske eit handverk, ikkje berre handlar om å vere flink med hendene, men i tillegg må ein evne å sjå samanhengar med andre fag og disiplinær. Og ikkje minst: handverk kan vere interessant, også for dei som i utgangspunktet ikkje driv med det.

Denne artikkelen kunne godt ha slutta her, med ein merknad om at alle gjekk nøgde heim til sitt. Men her om dagen møtte eg ein kar på ferja, som fortalde at han nett hadde vore og sett på vindrifla til Alf, ja, han hadde fått gleda av å skyte med henne, dessmeir.

Karen fortalde at han hadde vore med på ein del av dei store kulturhistoriske prosjekta i landet, knytt til vår fartøyhistorie. «Det Alf her har gjort,» sa han, «er fagleg sett fullt på høgde med dei prosjekta eg har vore med og delteke på.»

Eg trur han har heilt rett. Det hadde Henrik Ibsen også - her kommer ikkje nogen bedre fra bygdene nu til dags...

Tekst og foto: Rune Garmann



ENDELEG HUSKONSERTAR IGJEN

Etter to års opphald var det endeleg tid for kulturskulen sine tradisjonelle huskonsertar på skulane igjen.


På desse konsertane får elevane vist litt av det dei har lært den siste tida. Før konsertane har elevane lydprøvar slik at alle får gå gjennom programmet sitt og stadfesta at alle detaljar sit. For nokre er dette deira første opptreden for publikum. Andre elevar er rutinerne utøvarar med lang fartstid, og dei viser tydeleg at åra i kulturskulen har gitt stor og god utvikling med framføringar av høg kvalitetet.

Det vart flotte konsertar. På Nordbygda stilte også kunstgruppa med utstilling. Dyktige elevar. Modige elevar. Glade elevar. Trygge elevar. Elevar som støttar kvarandre, hjelper kvarandre og som heiar på kvarandre. Publikum som lyttar og viser respekt under framføringane. Meistring. Flotte framføringar.

Dette er inntrykk ein sit igjen med etter å ha vore på dei tre arrangementa. Takk for at skulane gir rom for slike stunder.

Framover mot jul vil du sikkert møte elevane igjen på julekonsertar, julebord, lystenningar, julemesser, fakkeltog og andre førjulsarrangement. Ta dei godt imot.

Tekst og foto: Kulturskulen





LA DET SVINGE, LA DET ROCK'N ROLL



Sist fredag var ungdomsskuleelevane i kommunen samla til dansekurs, og for ein flott dansedag me fekk med sjølvaste Rocke-Rolf! Mange glade ungdommar viste engasjement, hadde det gøy og gjorde sitt absolutt beste på dansegolv. Ungdommane lærte seg grunntrinna i sving + fire element dei kunne kombinere. Polonese blei det og tid til. Me avslutta dagen med dansekonkurranse i sving, der alle var med.

Rolf er ein dyktig, tolmodig og positiv danseinstruktør, og me håpar han vil komme neste år og.

Tusen takk til helselaga og kulturskulen som gjer at me kan ha slike inspirerande kursdagar og samstundes vera sosiale på tvers av skulane. Det set me i MOT svært stor pris på!

Mvh Merethe, MOT

JULEFRUKOST I BARNEHAGEN

Onsdag 24.11 var det julefrukost på avdeling Blåklokka i Nordbygda Barnehage.

Me hadde dekket eit flott bord med mykje deilig mat. Det var så kjekt at alle barna hadde med seg foreldre på julefrukosten. Me tente lys og song adventssongen.

Styraren vår, Inger Marie, var også med på julefrukosten.

Tekst og foto: Tove Mette Fagerheim



ONSDAGSBADING PÅ MATRE



Hver onsdag har Risnes IL bading i bassenget på Matre fra kl.18. til 19.30.

Denne høsten har det vært mange som har kommet på badingen.

Det er kjekt å se barn bli trygge i vannet, og lærer seg å svømme.

Denne kvelden var det 27 små og store som koste seg i bassenget.

På bilde ser vi 7 barn fra samme klasse som traff hverandre på badingen denne onsdagen, og de svømte, stupte, dykket, lekte og hadde det kjekt sammen.

Tekst og foto: Tove Mette Fagerheim



SUKSESS FOR NYOPPSTARTA UNGDOMSKLUBB

Tysdag 16. november var det duka for ungdomsklubb i klubbhuset ved idrettsanlegget på Hosteland. Ca 50 ungdommar frå skulane Matre, Brekke, Sandnes og Nordbygda var samla, og var med på å skapa ein fin kveld i lag. Ungdomsklubben er for elevar i 7.-10. klasse ved skulane som Masfjord Fotballag rekrutterer i frå, og vert eit månadleg arrangement i månadane utanfor fotballsesongen (november-april). Sjølv om det er Masfjord FL som står bak initiativet, så er dette eit arrangement for alle 7.-10. klassingar og ikkje berre dei som er aktive i fotballen.

Kvelden starta med ein liten orientering om «Eat, move, sleep»-kampanjen til Bama, og servering av mat laga på dugnad frå foreldra på Jenter-14 laget på Hosteland. Etter det var det opp til kvar enkelt kva ein ynskte å drive med. Det vart spelt biljard og andre spel, og ein del var ute og spelte fotball i regnet.

Tekst og foto:
Arild Haugsvær,
Leiar Masfjord FK



MYKJE SPENNANDE PÅ BIBLIOTEKET

Forfatterbesøk

Biblioteket hadde onsdag 20. oktober besøk av forfatteren Hilde Kvalvaag på Sandnes bibliotekfilial. Ho snakka om boka si "Djuphavsslettene".

Stemninga i rommet var lun, med dempa lysgjeving og stearinlys. Attåt kaffi vart det servert lefser frå Sandneskaféen.

Takk til alle som deltok, og bidrog til ein fin og minneverdig kveld.



Ut i naturen med litteraturen

Som avslutning på prosjektet "Ut i naturen med litteraturen" fekk bebuarar og tilsette på Masfjorden bu-og aktivitetssenter i går besøk av Pippi. Formidling av litteratur har vore det sentrale når alle elevar i 2.- 4.kl. på alle tre skulane har besøkt dagsturhytta. I tillegg har det vore fleire lesestunder i Botneset for barnehagebarna på Sandnes og på Vågeneset for barnehagebarna på Matre.

Takk til Nasjonalbiblioteket for støtte.



Litteratursti

Biblioteket og kunstgruppa i kulturskulen har laga litteratursti på naturmøteplassen på Hosteland. Frå skulen går du gangvegen retning Spar, og tar deretter av til venstre. Det er til saman seks postkassar. Kvar postkasse er merka med eit tal. I den fyrste og dei fire neste postkassane finn du eit spørsmål. Ta eit svar-ark frå den fyrste postkassa og fyll ut undervegs som du går. Brett svararket og legg det i den sjette postkassa. Det er ulike spørsmål for barn og vaksne. Det blir trekt ein vinnar blant barna, og ein vinnar blant dei vaksne. Vinnarane blir kontakte direkte av biblioteket. Resultatet vil og bli publisert på biblioteket si Facebook side, «Masfjorden folkebibliotek» Lukke til!



Bok-og strikkekafé

Tysdag 16. november hadde bok-og strikkekaféen på Hosteland siste samling før jul. Denne dagen stilte Anne Merethe Reknes sine songelevar frå kulturskulen med konsert. Det var ni dyktige elevar som song med imponerende røyster! Songarane var:

Julia med Make you feel my love (Adele)

Nora Kristine og Isabell med Arcade (Duncan Laurence)

Emilie med It's OK if you forget me (Astrid S)

Anne Sofie, Leah og Ella med Karantene (TIX)

Thea med Don't kill my vibe (Sigrid)

Synnøve med Drivers licence (Olivia Rodrigo)

Siste gongen for strikkekaféen på Sandnes i år er måndag 6. desember.



Tekst og foto: Linn Benedikte Brakstad

“EIT HJARTE TIL JUL”

Når skodda heng tungt ned over fjellsidene og regnet ausar ned er det fint å stiga inn i eit varmt og intimt lokale, og oppleva vakker og stillferdig formidling av litteratur, song og musikk.

Slik er det denne novembermorgonen. Bokbåten, eller «Det flytande litteraturhuset», har lagt til kai i Masfjorden, og småskuleelevar og førskuleborn fyller det vesle rommet i båten til siste sete



Låtskrivaren frå Selje debuterer som barnebokforfattar med denne boka. Til framsyninga har ho laga fem nye songar som glitrar og funkjar saman med den stemningsfulle og hartevarme historia. Line Dybedal les, syng og akkompagnerer seg sjølv på piano. Saman med seg på scena har ho gitarist Mathias Marstrander. Han lagar smakfulle akkompagnement og rammar inn forteljinga med musikalske stemningsbilete.

«Nora er ni år. Ho gler seg til jul, men ho gruar seg òg. Mamma ligg på sjukehus. Ho treng eit nytt hjarte for å bli frisk. Nora er redd for at mamma ikkje vil kjenne henne att med eit anna hjarte enn sitt eige. Farmor veit om ein magisk juletreskog. Saman med farmor og pappa finn Nora det perfekte juletreet. Og då, akkurat då, fer eit stjerneskot over himmelen!»

Taklyset vert sløkt, lyskastarane vert skrudd på og me vert dregne inn i forteljinga «Eit hjarte til jul». I denne musikalske juleforteljinga les Line Dybedal frå biletboka med same namn.



At det sit meir enn 50 små barn tett i tett i halvmørkret framfor oss i den halve timen framsyninga varer er bortimot umogeleg å oppdaga. Dei unge er aldeles fanga i forteljinga, og nesten ikkje ein lyd kjem det derifrå. Det er fint å oppleva at slike lågmælte program også kan nå fram i ei tid der ein ofte konkurrerer om å nå fram med budskapen ved å «skrika» høgst.

Etter framsyninga vert rommet rydda og det er tid for å låna bøker, eller berre gå rundt og sjå, før båten set kursen mot Matre for same opplegg der.

Korleis synest utøvarane sjølv det var å opptre på bokbåten i Masfjorden?

- Dette var heilt fantastisk, seier Mathias. -Det er veldig spesielt for oss å opptre ein slik stad, då det er ein heilt annan type lokale enn det me er vane med frå før. - Sjølv kjem eg frå ein liten plass og Masfjorden minnar meg litt om heimstaden min, seier Line.

- Me må skryta av publikum i dag, dei var fantastiske! -Å sjå at barna fall heilt inn i framsyninga var ekstra gøy, avsluttar Line.

Etter at fylkeskommunen la ned drifta av bokbåten «Epos» er det biblioteka i Vestland fylke som har vidareført aktiviteten gjennom «Det flytande litteraturhuset».

Det er trist at det no ikkje lenger er ressursar til å oppretthalda dette utruleg flotte tilbodet til distrikta. Truleg var dette siste gongen bokbåten la til kai i Masfjorden i litteraturen og kulturen si teneste.

... «og detta va sørgjeleg ilt...»

Tekst og foto: Frank Kvinge/ Linn Brakstad

VELKLINGANDE KORPSFELLESSKAP



Spente musikantar og dirigentar. Fullsett sal med forventningsfullt publikum. Hyggeleg stemning, god atmosfære. Vakker musikk. Slik var det i gymsalen på Sandnes denne søndagskvelden.

Målet med konserten var å samla alle korpsmusikantane i Masfjorden til fellesskap og samspel. Gjera noko saman. Sandnes skulemusikk inviterte og saman med Nordbygda skulekorps og Fjon musikklag laga dei ein flott konsert.

I første del av konserten spelte korpsa kvar for seg. Vertane starta med musikk mellom anna frå Pirates of the Caribbean og Flåklypa. Nordbygda skulekorps spelte deretter tre fine melodiar. Ekstra flott var det med solistinnslag frå to av musikantane på eit av nummera.

Fjon musikklag avslutta første avdeling, mellom anna med to tonar etter Ola R. Midtbø. Midtbø er bestefaren til Lovisa Midtbø som var konferansier denne kvelden. Gjennom heile livet samla han


lokale historiar, ord og uttrykk og ei mengd med songar og salmar. Noko av dette materialet kom ut i ei bok om Midtbø for om lag 10 år sidan, og då vart ein del av songane arrangert for kor og korps. Først spelte dei ein shanty, og deretter ei kjærleiksvise, «Eg ønskjer deg, min ven». Dette synest eg var ei ordentleg fin vise.

Så var det tid for kafé og åresal, før alle musikantane samla seg i eit stort felleskorps. Og for ein klang! Det var nesten som taket løfta seg. Fire flotte musikkstykke hadde dei øvd inn saman, og det verka som om musikantane storkoste seg i felleskorpsset. Det høyrdest i alle fall slik ut. Og då korpset hadde avslutta med Grand Prix- låten «Let Loose» frå Blåsemafiaen jubla publikum og gav lang applaus.

Dette var ein utruleg vellukka og kjekk konsert. Denne suksessformelen håpar eg korpsa kan gjenta, og dei treng ikkje venta lenge med det.

Tekst og foto : Jo Ronald Mjanger

5-ÅRSJUBEL PÅ KULTURKAFÉEN



Fem år er det gått sidan Berit Lygre tok over kaféen på Sandnes. Denne helga var det tid for å markera dette.

- Eg synest på mange måtar eg har fått til det eg ønskte då eg starta som kafévert, fortel Berit. – Kaféen er vorte noko meir enn berre ein stad for matservering. Eg hadde også eit ønskje om å skapa ein møteplass for ulike kunst- og kulturytringar, og å profilera lokale produsentar av til dømes mat- og handverksprodukt.

5-årsmarkeringa synleggjorde nettopp dette. Førsteklasses matservering er me blitt godt vane med på Sandneskaféen. Så også denne dagen. Til markeringa hadde Berit invitert biletkunstnarar frå heile kommunen til å laga ei haustutstilling som pryda veggane i kafélokalet. Varaordførar Torill Torsvik Størkersen sto for sjølvne opninga, og i helsinga framheva ho kaféverten si evne til å framsnakka og leggja til rette for lokalt samarbeid mellom lokale produsentar av kunst og kultur i vidaste forstand.- Du er ein god Masfjordambassadør og du leverer kvalitet, sa varaordføraren i si helsing. Ho gratulerte og frå kommunen, og framheva Sandneskaféen som ei viktig kulturscene og samarbeidspart, mellom anna i samband med Sommarscena, og som ein særskild viktig møteplass både for fastbuande og forbifarande. Ho framheva og Berit som ein pådrivar i arbeidet med å synleggjera Masfjorden som turistmål og alt kommunen har å by på. Dette arbeidet har munna ut i nettsida opplevmasfjorden.no Alle utstillarane vart presenterte, før fire ungdommar frå kulturskulen sto for flotte musikkframføringar, både solo og som band.



Ingrid Amundsen


Så var det tid for mingling, å ta utstillinga i nærare augnesyn og forsyna seg av den flotte jubileumskaka.



Britt Eriksen

Seinare på kvelden haldt jubileumsmarkeringa fram med Open mikrofon. Her kunne alle som ville det innta scena med det dei ønskte å dela. Det vart ein utruleg flott og variert konsert der både unge talent og eldre ringrevar fekk utfalda seg til glede både for seg sjølv og for dei i salen. Åsmund Kvinge sto for tilrettelegging av dette arrangementet som og er eit strålande døme på korleis kaféen blir nytta til å skapa gode og inspirerende møteplassar lokalt.

Ingrid Nielsen



-Det var viktig for meg å få markert fem flotte år som kafévert, seier Berit. -For som pensjonist kan eg ikkje lova at eg heldt fram til det er tid for 10-årsjubileum.

Når Berit seier dette legg me det døve øyret til, og håpar på mange gode stunder på kaféen i åra som kjem. Me treng slike oasar i kommunen vår!

Utstillinga vert ståande fram til jul med faste opningstider onsdag 1130-1530 og torsdagar 1400-1800 og elles når du ser lys på kaféen med utstillingsskiltet ståande i vegkanten.

Tekst: Frank Kvinge


MASFJORDKALENDEREN 2022

Den tradisjonelle kalendaren med bilete frå kommunen vår kjem i sal i butikkane i Masfjorden i løpet av veke 48.

Pris: 200,- Betalingsinformasjon finn du på utsalsstadane.

Stor takk til alle bedriftene som har sponsa med annonser, og for alle flotte bilete som me har fått tilsendt!

- styret i Masfjord fotballag -



DET LYSER I STILLE GRENDER

Førjulstida er full av tradisjonsrike arrangement og samlingar. Driftige bygdelag og skulekorps lagar til lysfestar, fakkeltog, julebord og julemesser. Alt dette er trivelege og viktige møtepunkt i mørketida.

«Masfjordingen» har fått tilsendt glimt frå nokre tilstellingar som gjekk av stabelen den første helga i advent.



Lysfest på Haugsvær

«Me tende først julegrana ved Haugsværtunet og gjekk nokre rundar rundt treet. Så bar det til skogs for å finna julenissen. Ved Eventyrskogen var det fyr i bålpanna og pynta juletre. I skogen venta fire nissar på spente born. Godteposar til alle. Gløgg, saft og pepperkaker til alle som ville ha. Masse folk, både små og store. Takk til alle som kom og til dei som hjelte til. Fellesskap og samarbeid er viktig.»

Torill Vågseth Kristoffersen

Fakkeltog på Sandnes

«Alle gjekk først i fakkeltog frå skulen til butikken for «julegateopning».

Når lysa var tende vart det servert gløgg og pepperkaker. Og trur du ikkje at nissen dukka opp etter at både store og små hadde teke i av full hals i « På låven sitter nissen». Han delte ut godteposar til dei yngste. Deretter samla alle seg på Sandneskaféen til grautmåltid- med tre mandlar!»

Linn Lahti, Sandnes Vel



Fakkeltog og lysfest på Frøyset

«I nydeleg vinterver gjekk det fakkeltog frå hovudvegen og opp til Frøyseth gardsmat.

Skulekorpset spelte julesongar, ordføraren helsa og det vart servert graut, pølser og drikke frå vertskapet. Gang rundt den store og lyspynta julelønna vart det, og!»

Skulekorpset spelte juletonar frå «intim» utescene.



Sandnes skulemusikk si julemesse

«Stappfullt hus og god stemning prega Sandnes skulemusikk si julemesse. Publikum vart møtt av vakre juletonar før skulemusikken song og spelte adventssongen og tende adventslyset som starten på ei lita konsertavdeling. Det var lagt til rette for ei rekkje aktivitetar og tippekonkurransar i og i romma rundt salen, og salsbord. I kaféen var det sal av pinnekjøtt-tallerken og andre godsaker, både søtt og salt.

Dei ni aspirantane slo til til med friske tonar og overdryssa publikum med karamellar gøymd i nissehuene som takk for langvarig applaus. Rikeleg med åresal og trekking av loddbøkene med massevis av flotte gevinstar. Takk til alle som kom og støtta skulemusikken og skapte triveleg førjulsstemning».

Lillian Andvik, leiar



Julemessa til Nordbygda skulekorps

«Sundag 28.11 var det igjen klart for julemesse i Nordbygda samfunnshus, etter 1 år med pause grunna pandemien. Det var veldig kjekt å kunne invitere lokale og regionale utstillarar til nok ein julemarknad. 18 dyktige utstillarar var på plass, og flotte julegaver var å finne blant handverk, mattradisjoner, juledekorasjonar, smykke, klede og bøker.

Tradisjonen tru fekk ein òg kjøpt det årlege heftet til Sogelaget «Fjon, frå fjell til fjord» og Masfjordkalendaren med flotte bilete frå heile kommunene, i regi av fotballaget. Skulekorpset sette stemninga med flott julemusikk, og aspirantane sjarmerte med nyinnøvd «Bjelleklang». I kjellaren fekk ein kjøpe nydeleg betasuppe, kaffi og kaker, og ha hyggeleg stund med familien eller andre kjende i bygda. Omlag 140 besøkande fann vegen til julemessa i Nordbygda denne 1. sundagen i advent.»

Torill T. Størkersen,
leiar, Nordbygda skulekorps



PRISEN FOR ÅRETS NÆRBUTIKK 2021 ER TILDELT KVINGO NÆRBUTIKK!



Merkur kårar "Årets nærbutikk". Kvart år blir det gjeve ein pris til den beste nærbutikken i kvar region.

Landet er delt inn i ni regionar. På Merkur sin regionkonferanse i Bergen den 29. november vart Kvingo Nærkjøp kåra til årets nærbutikk i region Vest. Dagleg leiar Kariann Ekren mottok prisen frå Merkur sin Per Spillum og styreleiar Gunta Venge, som las opp grunngjevinga for prisen.

Prisen blir tildelt den butikken som scorar best når det gjeld butikkstandard, tilleggstenester, møteplass for bygdefolket, kjøpmannen si rolle som samfunnsentreprenør og positiv økonomisk utvikling. Alt dette var til stades for

Kvingo Nærkjøp. Juryen i Merkur viste og til at butikksjefen er aktiv på sosiale media, og at familiebedriften har mange bein å stå på, inkludert servering av mat, pub og tilbod til bobilgjestar med meir.

Det var ein stolt butikksjef som mottok prisen på Terminus hotell i lag med mange andre butikksjefar i region Vest.

Tekst: Sveinung Toft, Foto: Pia Yvonne Jakobsen

DÅ ER BOKA HER!


Også i år kjem «Fjon frå fjell til fjord» ut i tide til at folk kan sikre seg ei fin julegåve å gi vekk, samt hyggeleg lesnad til jul. Etter alle solemerke vert dette det nest siste nummeret som vert gitt ut i denne serien.

Det er ikkje til å undrast over at den pågåande pandemien har påverka innhaldet i boka. Her er fleire artiklar om sjukdom og helsestell i Masfjorden opp gjennom tidene. Men også andre emne er det blitt plass til: Mellom anna kan ein lese om den russiske krigsfangen Nikolai Ivanovitsj Makarin, som klarte å rømme frå fangeleiren på Matre vart halden i skjul på Massnes i fire månader før han vart hjulpen vidare.

Frå tider litt nærare vår eiga kan vi lese om fangst av fugl og sanking av måseeegg. Og av hendingar frå vår eiga samtid er kjøpet av nytt orgel i Frøyset kyrkje nemnd. Også i år har vi funne plass til nokre dikt av lokale poetar, både av litt eldre årgang og folk som er aktive i dag. Og endeleg kan nemnast ein serie med fotografi som er tekne i Masfjordfjella.

Boka vert å kjøpe på dei plassane ho har vore til sals tidlegare. Og prisen er som i fjor: 200 kr.

Tekst og bilete: Rune Garmann



UKM NORDHORDLAND

ALVER, AUSTRHEIM, FEDJE, MASFJORDEN

**Lørdag
29.01.22
kl. 12-18
Sæbø
barneskule**

Påmelding

UNG arrangerer
og konfransier
Media 10.11.21

**ALLE
ANDRE
12.1.22**

**ALDER
10-20**

PÅMELDING
OG MEIR INFO



Velkommen til UKM 2022

Påmeldingsfristen er 12. januar. ukm.no

UKM er ei mønstring der du kan visa noko av det du driv med på fritida. Du kan til dømes mala eit bilde, visa fotos du har teke, synga eller spela ein song, laga ein dans, lesa eit dikt, eller visa ein film du har laga. Det er berre fantasien som set grenser!

Også i år har me husband på plass. Det vil seia at dei som treng akkompagnement til sine song- og musikkinnslag vil få dette gjennom flinke musikarar. Det er obligatorisk at alle som ikkje har eige akkompagnement brukar husbandet. Vi vil ikkje ta imot lydfilar som backup.

Det er veldig enkelt å bruka husbandet. Du leverer berre inn notar til oss innan 12. januar og musikarane startar øving på din song. Du får øva med husbandet før mønstringa startar.

Meld deg på og ver med på ein fantastisk fin dag med mange dyktige ungdommar frå heile Nordhordland!

Har du spørsmål, ta kontakt med kommunekontakt Frank 97061230



Mafjorden kommune



Tilbod om tredje dose/oppfriskingsdose med Koronavaksine i desember

Kommunen har fått nye retningslinjer om tredje dose:

- Alle over 45 år kan få 3. dose når det er gått 6 månader eller meir frå ein fekk 2. dose.
- Aldersgruppa 18-44 år i høgrisikogruppene når det har gått 6 månader.
- Dei over 65 år når det har gått minimum 5 månader.
- Alt helsepersonell når det har gått 6 månader, inkl. gravid heslepersonell.

Høgrisikogruppene er:

- Organtransplanterte
- Dei med immunsvikt
- Hematologisk kreftsjukdom siste fem år
- Pågåande eller nylig avslutta behandling mot kreft
- Nevrologiske sjukdommar eller muskelsjukdommer som medfører nedsett hostekraft eller lungefunksjon
- Downs syndrom
- Kronisk nyresjukdom eller betydelig nedsett nyrefunksjon.

Er du gravid og usikker på vaksinasjon, ta kontakt med legekantoret.

Du kan sjå på Helse Norge/Min helse kor tid du fekk dose 2, eller ta kontakt med legekantoret om du ikkje finn ut av det.

Du treng ikkje bestilla time

Møt opp i aktuelle tidsrom:

Nordbygda, gamle legekantoret:

- **Tysdag 07. desember kl. 09.00 -13.00**
- **Tysdg 14. desember kl. 09.00 - 13.00**

Dersom du ønskjer 1. eller 2. dose med koronavaksine kan du også møte på ein av desse dagane.

Vaksinen er gratis

Ved spørsmål ta kontakt med Masfjorden legekantor tlf. 56166300 eller Masfjorden helsestasjon: 56166314 / 56166313

Korona - sjølvtest

Har du luftvegssymptom og treng å teste deg, kan du hente sjølvtest for Korona på desse stadene:

- Kommunehuset på Masfjordnes, måndag til fredag kl. 08.00 - 15.30
- Legekontoret i Fensfjordbygg på Hosteland, måndag til fredag kl. 09.00 - 15.00
- Matre skule, måndag til fredag kl. 14.30 - 16.30
- Heimetenesta på ettermiddag/kveld og helg,
Tlf.nr Norbygda: 41617507, Matre: 41617508, Sørsida: 48295935

Me minner elles om dei smitteførebyggjande råda: Ver heime viss du er sjuk, hald avstand til dei som ikkje er dine nærkontaktar og sørg for god handhygiene.

Tekst: Oddvin Neset, helse- og omsorgsleiar

Etableringstilskot

- Det kan gjevast etableringstilskot til førstegongs etablering med bygging, kjøp og/eller restaurering av eigen privat bustad i Masfjorden kommune med kr. 60.000,- for dei under 35 år, og kr. 40.000,- for dei mellom 35 år og inntil ein fyller 40 år. Etableringstilskotet kan ikkje utgjere meir enn 10% av kostnaden.
- Etableringstilskot vert berre ytt til ungdom i etableringsfasen. For å koma innfor definisjonen "ungdom i etableringsfasen", må søkjaren vera under 40 år den dag mellombels bruksløyve/ferdigattest ligg føre.
- **Søknadsfrist vert sett til 1. september kvart år**, for utbetaling i neste budsjettår, slik at midlane til etableringstilskot kan innarbeidast i årsbudsjettet til kraftfondet.
- Ved søknaden må det leggjast ved attestasjon på at søkjaren er byggherre, og skal vera eigar av huset/registerert som innbyggjar i kommunen.
- Etableringstilskotet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av bustad eller flytting frå kommunen før dette tidsrommet er ute, skal kommunen ha tilbakebetaling i høve til den tida som er gått.
- Etableringstilskotet kan betalast ut etter nærare vurdering når mellombels bruksløyve eller ferdigattest føreligg.

Søknadskjema vil bli lagt ut på heimesida til Masfjorden kommune



DROSJE PÅ SØRSIDA

Frå 01.01.22 er det Masfjorden taxisentral som overtek drifta av drosje på Sørsida.

Telefonnummeret er det same som tidlegare: 91710328.

Helsing Masfjorden taxisentral v/ Aina og Veronica



FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristane: 7. februar, 28. mars og 23.mai

Noter dato i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilete og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgåum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge, Sveinung Toft

helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
Formgjeving: Mary Hope



Julegåve til kyrkja

Vil du vere med å støtte kyrkjelydsarbeidet i
Masfjorden økonomisk?

Du kan gje ei julegåve til kontonummer
3635.07.02738

KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Kyrkjevevjerje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post *kyrkjevevjerja@masfjorden.kommune.no*

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes
Tlf.: 47 41 31 41
E-post:
anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no

Diakoni og undervisningsleiar:
Helga Ekehaug
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612
e-post:
helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685
e-post: *ts657@kyrkja.no*

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00
Epost: *post@masfjorden.kommune.no*

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES